

# Å R S M E L D I N G 2 0 1 8



– Set krefter i sving

 **Sognekraft**



## INNHALD

Direktøren har ordet	s. 4
Konsernstruktur	s. 5
Hovudtal	s. 6
Verdiskaping	s. 9
Årsmelding frå styret	s. 10
Resultat	s. 24
Balanse	s. 25
Kontantstraumanalyse	s. 27
Notar	s. 28
Revisjonsmelding	s. 44



## VERDISKAPING OG TRU PÅ SOGN



Adm. direktør Terje B. Nævdal

**“Sognekraft har som mål å setja krefter i sving, kvar einaste time heile året. Vi er og skal vera drivkraft i Sogn”**

Sognekraft har som mål å setja krefter i sving, kvar einaste time heile året. Vi er og skal vera drivkraft i Sogn. Dei siste åra har vi sett i gang store utbyggingsprosjekt i Sogn, både innan nettutvikling og ny kraftproduksjon. Dette gjer vi fordi vi har tru på produksjon av eitt hundre prosent fornybar energi, vi har tru på framtida og vi har tru på Sogn.

Vi har ambisjonar for Sogn. Eigarane til Sognekraft har gjeve oss i oppdrag å utvikla verksemda gjennom vekst på det vi er gode til, produksjon av fornybar energi, sal av kraft og distribusjon av denne krafta gjennom ein tøff og utfordrande natur. Eigarane våre har gjeve oss i oppdrag å syta for verdiskaping i Sogn, åleine eller saman med partnerar. Vi er i ferd med å gjennomføra tidenes satsing i Sognekraft-regi. I løpet av ein knapp tiårsperiode investerer vi i ulike kraft- og nettutviklingsprosjekt for kring 3,5 milliardar kroner i Sogn. I tillegg har vi investert i kraftprosjekt i Sunnfjord, Nordfjord og Møre og Romsdal saman med Sunnhordland Kraftlag, der innsatsen vår tilsvarar 200 millionar kroner.

Vi valde å satsa i ei tid då mange andre i kraftbransjen valde konsolidering og nedbemanning. No ser vi at den offensive satsinga og haldninga vår allereie ber frukter. 2018 vart eit merkjeår med tanke på omsetnad og resultat. For første gong i historien hadde vi ein omsetnad på over 0,6 milliardar, om lag 300 millionar meir enn i 2017.

Resultatet i 2018 enda på 162 millionar kroner. Dette fortel meg at strategien om å vera offensive, om å tora å tru på Sogn som vekstregion og Sognekraft som verksemd, har vore den rette. Det er ikkje mange jarnbaner i Sogn, men vi er vorte eit lokomotiv for verdiskaping i vår region. Resultatet vi no skaper gjev oss handlefridom til å satsa vidare, til framleis å vera på offensiven.

Vi har sett i gang ei av dei største vasskraftutbyggingane i Noreg dette tusenåret, utbygginga av Leikanger kraftverk. Her vert om lag 900 millionar kroner investert i rein fornybar energi, nok kraft til å forsyne over 10.000 husstandar med straum.

Med slik verdiskaping og så store investeringar på høvesvis kort tid, seier det seg sjølv at Sognekraft må søkja samarbeid og partnerskap i einskilde prosjekt. Dei seks småkraftverka i Fjærland, samla i Fjærland Kraft AS, er eit godt døme i så måte. Sognekraft kjøpte prosjektet og bygde ut kraftverka. Dermed sikra ein verdiskaping. Clemens Kraft eig Fjærland Kraft, Sognekraft skal drifta dei seks kraftverka gjennom ein god og langsiktig avtale mellom partane.


Når ein satsar slik som vi i Sognekraft gjer, utset ein seg for risiko i ein bransje der ingen sit med fasiten på korleis prisutviklinga vert for vara vi leverer og utviklar, fornybar energi. Difor må ein balansera denne risikoen, gjerne gjennom partnerskap saman med andre solide aktørar i bransjen.

Oppsida for eigarane våre, med kommunane og deira innbyggjarar i spissen, er auka inntekter gjennom kraftskatteinntekter, utbyte, og trygging og skaping av nye arbeidsplassar.

Det er slik vi ynskjer å framstå, uredde og nyskapande i ein bransje som har ei vare for framtidens samfunn, eitt hundre prosent fornybar energi. Slik skapar vi attraktive arbeidsplassar, slik utviklar vi samfunnet vi er ein del av, slik set vi krefter i sving.

Terje Bakke Nævdal  
Adm.direktør

## KONSERNSTRUKTUR SOGNEKRAFT AS



### Konsernleiing



Frå venstre: nettsjef Stian Frøiland, administrasjonssjef Berit Larsen, produksjonssjef Jacob Hornnes, adm.direktør Terje Bakke Nævdal, marknadssjef Trude Undebakke, utbyggingssjef Harald Fimreite og økonomisjef Monika Amundsen.


### Styret



Frå venstre: Styreleiar Atle Neteland, styremedlem Torbjørn Menes (valt av tilsette), styremedlem Martha Finden Halset, styremedlem Arne Andreas Riisnes, styremedlem Stian Skåsheim (valt av tilsette), nestleiar Geir Arve Sandvik, adm.dir Terje Bakke Nævdal og styremedlem Laura Kvamme.

## HOVUDTAL KONSERN


	2018	2017	2016	2015	2014
<b>Resultat</b>					
Sum driftsinntekter	680	381	330	264	275
EBITDA	325	122	129	85	107
Driftsresultat (EBIT)	285	5	94	53	78
Resultat før skatt	256	-18	80	46	72
Årsresultat	162	-41	40	26	40
<b>Kontantstrøm</b>					
Netto kontantstrøm frå drift	65	136	98	34	105
Netto kontantstrøm frå investeringar	225	-448	-406	-157	-330
Avskrivningar og nedskrivningar	40	117	34	32	29
Betalt utbytte	0	10	17	29	42
<b>Balanse</b>					
Eigendelar	2035	2124	1696	1343	1444
Eigenkapital	524	379	432	399	367
Frie likviditetsreservar	125	153	197	155	386
Renteberande gjeld	1201	1426	1132	821	863
Netto renteberande gjeld	1086	1362	1054	733	557



## HOVUDTAL KONSERN

	2018	2017	2016	2015	2014
<b>Nøkkeltal økonomi</b>					
Eigenkapitalavkastning	33,8	-10,1	9,6	6,9	10,9
Totalrentabilitet	6,1	-3,7	3,9	3,1	4,7
Eigenkapitalandel	26	18	26	30	25
Eigenkapitalandel, justert *	32	24	31	31	25
Netto renteberande gjeld/EBITDA	3,3	11,1	8,2	8,6	5,2
Netto renteberande gjeld/EBITDA, justert*	2,2	6,8	5,7	7,9	5,2
Rentedekningsgrad	6,9	4,0	6,6	4,9	5,8
<b>Nøkkeltall HMT</b>					
Tal tilsette pr 31.12	114	104	104	98	91
Tal årsverk pr 31.12	103	93	94	80	80
Sjukefråvær	2,6	3,4	3,1	4,5	4,9
H1 verdi	0	6	18	31	22
H2 verdi	6	12	24	40	29
<b>Nøkkeltal drift</b>					
Vasskraftproduksjon, verkeleg i GWh	770	627	671	633	583
Vasskraftproduksjon, årsmiddel i GWh	737	591	593	574	573
Områdepris NO5, øre/kWh	41,4	26,9	23,1	17,6	22,7
Forbruk i eige område i GWh	273	262	262	251	237
Volum seld kraft til sluttbruk i GWh	637	570	376	387	346
Tal nettkundar	9338	9210	9086	8873	8628
Nettkapital (NVE-kapital)	454	383	262	239	222

\* ex kraftverk under bygging





## VERDISKAPING OG STØTTESPELAR

Sognekraft har i over 70 år forvalta nokre av dei viktigaste ressursane vi har, og er med på å gje kraft til lokalsamfunnet både i form av arbeidsplassar, energiforsyning, sponing og nyskapingsevne. Sognekraft ynskjer å vere ein lokal medspelar. Vi er opptekne av å fylgje med i samfunnsutviklinga, samtidig som vi leverer viktige produkt på ein berekraftig og trygg måte.

Samfunnsreknaskapet viser kva verdiar som er skapt gjennom innsats av arbeidskraft, kapital, kunnskap og teknologi, og korleis desse vert fordelt på dei ulike interessegruppene som har bidrege:

- Tilsette får løn og sosiale ytingar
- Eigarane får utbytte og verdien i selskapet dei eig aukar
- Lånegivarane får renteinntekter
- Stat og kommune får skatt frå arbeidstakarar og Sognekraft

I tillegg får innbyggjarane sin del gjennom støtte og sponing til frivillige lag, organisasjonar og arrangement.

### Lokal støttespelar

Sognekraft støttar gode tiltak innan kultur og idrett, med vekt på breiddetiltak retta mot barn og unge. I vårt forsyningsområde er Sognekraft-logoen synleg på draktryggen til nær alle miniputtar og aldersfastlagde lag. Vi er og ein stor støttespelar innan kulturfelt. Sognekraft ynskjer å vere med og skape skape grobotn for sunne interesser og aktivitetar. Slik set vi krefter i sving, til beste for innbyggjarar og lokalsamfunn.

Sogndal Fotball tok initiativ til ei utbygging som samla idrett, forskning og utdanning på Campus Sogndal. Dette arbeidet har vore, og er, ei drivkraft i utviklinga av lokalsamfunn, skule og næringsliv i Sogn. Sognekraft støttar dette arbeidet, og samarbeidsavtalen med Sogndal Fotball er Sognekraft sin største enkeltsporsatsing.



## VERDISKAPINGSREKNESKAP

	2018	2017
Totale driftsinntekter	680 106	381 189
+ Aktiverte lønns- og personalkostn.	29 436	26 314
- forbruk varer og tenester	260 858	167 982
<b>Brutto verdiskaping</b>	<b>448 684</b>	<b>242 643</b>
- av- og nedskrivningar	39 754	117 016
<b>Netto verdiskaping</b>	<b>408 931</b>	<b>125 626</b>
+ finansinntekter	17 912	6 679
<b>= Totale verdiar til fordeling</b>	<b>426 843</b>	<b>132 306</b>

### Fordeling av verdiskaping

#### Tilsette

Netto lønn og sosiale ytingar	85 163	77 080
-------------------------------	--------	--------

#### Kapitalinnskytarar

Renter til kredittytarar	47 233	30 444
Renter og utbytte til eigarar	23 550	0

#### Stat, fylke og kommune

Skatt	93 738	22 559
Skattetrekk tilsette	20 612	18 854
Egdomsskatt	8 950	8 043
Arbeidsgjevaravgift	9 325	8 263
Andre offentlege avgifter	1 497	1 652

#### Selskapet

Tilbakehalde overskot/underskot	136 774	(37 711)
---------------------------------	---------	----------

#### Sum fordelte verdiar


<b>426 843</b>	<b>129 184</b>
----------------	----------------

- Totale verdiar til fordeling er nesten firedobla frå 2017 til 2018, frå 132 MNOK til 427 MNOK i 2018.

- Eigarane har størstedelen av verdiskapinga gjennom utbytte og auka eigenkapital, tilsaman 38 %.

- 134 MNOK (31 %) går til skatter og avgifter. Dette er ei auke på 75 MNOK fra 2017 til 2018.

- 85 MNOK (20 %) til tilsette, og 47 MNOK (11 %) til kredittytarar gjennom renter.



## ÅRSMELDING FRÅ STYRET

Konsernet Sognekraft produserer og forvaltar fornybar energi. Konsernet si verksemd omfattar produksjon, distribusjon og sal av energi, breiband og tenester knytt til desse kjerneområda.

Konsernet sitt driftsresultat før av- og nedskrivningar vart på 325 MNOK, som er 203 MNOK meir enn i 2017. Det vart produsert 770 GWh rein energi frå Sognekraft sine eigardelar i vasskraftanlegg i 2018. (2017: 627 GWh). Årsresultatet for 2018 vart på pluss 162 MNOK (majoriteten sin del) mot minus 41 MNOK i 2017.

### Viktige hendingar i 2018

Gjennom dotterselskapet Fjærland Kraft AS, har Sognekraft sidan 2015 bygd 6 kraftverk ved Fjærlandsfjorden i Sogndal kommune. To av kraftverka vart sett i drift seinhaustes 2017, medan dei fire siste starta produksjon i april 2018. Byggeprosjekta har vore utfordrande, mellom anna som følgje av uforutsette forhold. Det har også oppstått usemje med hovedentreprenøren om sluttoppgjøret. Etter forhandlingar vart det i slutten av desember 2018 inngått avtale med Småkraft AS/ Småkraft Utbygging AS om ei minneleg løysing. Det økonomiske oppgjøret er såleis gjort opp i 2018. Ein prosess for gjenverande arbeid er også avtalt.

Parallelt med bygginga, har Sognekraft gjennom fleire år arbeid med langsiktig finansiering av ny kraftproduksjon. Sal av aksjane i Fjærland Kraft AS har vore eit viktig ledd i dette, og det var av stor bekymring for styret at det austeriske investeringsfondet ESPF, som gjennom den tyske kapitalforvaltaren KGAL inngjekk avtale om kjøp i 2017, ikkje valde å overta aksjane før den endelege fristen gjekk ut 30. september 2018. Styret valde i samsvar med reguleringa i avtalen å terminera avtalen med ESPF etter utløpet av denne fristen som følgje av den usikkerheita som låg føre. Arbeidet med den langsiktige finansieringa heldt fram i etterkant av dette og det vart etterkvart innleia samtalar med eit knippe andre aktuelle investorar. Samtalane resulterte til slutt i ein avtale med det norske selskapet Clemens Kraftverk AS, og eigarskapet til aksjane i Fjærland Kraft AS vart overført 22. desember. I tillegg til dette er det inngått ein drifts- og vedlikehaldsavtale der Sognekraft vil forvalta og driva kraftverka på vegne av den nye eigaren. ESPF sende i byrjinga av november varsel om søksmål knytt til termineringa, noko Sognekraft tek sterkt avstand frå at det er grunnlag for, og det er heller ikkje motteke noko søksmål per april 2019. ESPF prøvde elles å stoppa salet til Clemens Kraftverk gjennom ei midlertidig forføyning då avtalen vart kjend i slutten av desember. Den midlertidige forføyninga vart til slutt trekt, ettersom det ikkje var grunnlag for den, og Oslo Byggefondembede avgjorde i mars 2019 at ESPF måtte dekke Sognekraft sine sakskostnader.

Hausten 2017 starta Sognekraft bygging av Leikanger kraftverk. Kraftverket har ein estimert produksjon på 208 GWh og nyttar vatnet frå elvane Grindsdøla og Henjaelvi i Leikanger kommune. Etter planen vert kraftstasjonen sett i drift i 2020 med produksjon frå Grindselvi. I 2021 vert inntaka frå Henjadalen fullført og kraftverket når full produksjon frå våren 2021.

Sognekraft vann kampen om å levere kraft til den nye, store fylkeskommunen, Vestland. Avtalen strekkjer seg over to år, med opsjon på ytterligere to. I tillegg til å levere 170 GWh kraft i året, inneheld avtalen administrasjon og porteføljeforvaltning av elektrisk kraft, forvaltning av elsertifikat og analyse og rådgjeving i samband med kraftforvaltning.

Nydalselva Kraft AS, der Sognekraft eig 50% saman med SKL (Sunnhordland Kraftlag), sette i drift kraftverka Helgheim kraftverk og Timbra krafverk i Jølster kommune våren 2018.

### Økonomisk resultat

Sognekraft hadde i 2018 driftsinntekter på 680 MNOK for konsernet og 579 MNOK for morselskapet. Dette er nesten ei fordobling av inntektene frå 2017 med ein auke på meir enn 78 % av inntektene for konsernet, og representerer ein auke på 299 MNOK for konsernet og 219 MNOK for morselskapet. For konsernet kjem auken som følgje av auka produksjon, høgare kraftprisar, sal av Fjærland Kraft AS samt kraftleveransar til fleire storkundar.

EBITDA (driftsresultat før av- og nedskrivningar) syner ein auke på 203 MNOK frå 2017 for konsernet. Dette kjem som følgje av bl.a. høgare produksjon og høgare prisar, samt gevinsten ved sal av Fjærland Kraft AS. Driftsresultat før av- og nedskrivningar for den konkurranseutsette verksemda i konsernet (kraftproduksjon, kraftsal fiber/telekom og anna verksemd) auka med tilsaman 67 MNOK. Nettverksemda sitt resultat før av- og nedskrivningar vart redusert med 1 MNOK frå 36 MNOK i 2017 til 35 MNOK i 2018.

Etter av- og nedskrivningar vart driftsresultatet for 2018 på 163 MNOK for morselskapet og 285 MNOK for konsernet. Ein del av årsaka til det store skille mellom driftsresultatet for morselskapet og konsernet i 2018, er at i konsernet er sal av Fjærland Kraft AS inkl. i driftsresultatet, mens for morselskapet blir salsgevinsten inntektsført under finansinntekter.

Det er ikkje gjort endringar i rekneskapsprinsipp for 2018.

Konsernet sitt resultat før skatt var på 256 MNOK og for morselskapet 238 MNOK i 2018. Skattekostnaden vart på 94 MNOK for konsernet og 87 MNOK for morselskapet. Grunnrenteskatten utgjør 57 MNOK både for konsernet og morselskapet. Dette

representerer ein auke på 35 MNOK frå 2017, grunna auka kraftprisar.

Årsresultatet for konsernet etter minoritetsinteresser vart på 160 MNOK og 150 MNOK for morselskapet. Samanliknbart årsresultat for 2017 var minus 38 MNOK for konsernet og minus 38 MNOK for morselskapet

## Kapitalstruktur og kontantstrøm

Sognekraftkonsernet sin totalbalanse utgjorde 2.035 MNOK ved utgangen av 2018, samanlikna med 2.124 MNOK ved utgangen av 2017. Investeringane innan ny vasskraft og nye produksjonsrelaterte nettanlegg har fortsatt halde fram i 2018, bl.a. med utbygging av Leikanger Kraftverk. For konsernet er den viktigaste årsaka til at varige driftsmidlar er redusert med 161 MNOK, sal av Fjærland Kraft AS.

Den bokførte eigenkapitalen i Sognekraftkonsernet viser ein auke på 145 MNOK frå 379 MNOK til 524 MNOK frå 2017 til 2018. Dette sett i forhold til reduksjon frå 2016 til 2017 med 53 MNOK. Den bokførte eigenkapitaldelen ved utgangen av 2018 var på 26%, mot 18% i 2017.

Netto finanskostnader i konsernet auka frå 24 MNOK i 2017 til 29 MNOK i 2018. Auken kjem hovudsaklig på grunn av korrigeringer i 2018 vedr. refinansiering av gjeld som var gjort i 2017. Med bakgrunn i fortsatt høg byggeaktivitet og tilsvarande auka gjeldsgrad, er det vurdert at bankfinansiering framleis er mest forutsigbart og hensiktsmessig for konsernet i ein fase med press på nøkkeltall som påvirkar kredittmarginane.

Konsernet si netto renteberande gjeld utgjorde 1.086 MNOK, ein reduksjon på 276 MNOK frå året før. Frie likvide midlar utgjorde 99 MNOK og unytta lånerammer utgjorde 640 MNOK.

For konsernet utgjorde kontantstrøm frå drifta 65 MNOK mot 136 MNOK i 2017. Sognekraft har dei siste åra investert betydelege beløp i ny vasskraft og nett. Netto investeringar i konsernet

utgjorde ein positiv kontantstrøm på 225 MNOK i 2018, mot ein negativ kontantstrøm på 448 MNOK i 2017. Den positive kontantstrømen i 2018 skuldast sal av Fjærland Kraft AS. For morselskapet utgjorde netto investeringar (-146) MNOK i 2018 mot 441 MNOK i 2017.

Det vart ikkje betalt utbytte til eigarane for 2017.

Salet av dotterselskapet Fjærland Kraft AS førte til ein betydeleg betring i konsernet sine finansielle nøkkeltal og soliditet.

## Disponeringar

Morselskapet Sognekraft AS hadde eit resultat etter skatt på 150 MNOK i 2018. Morselskapet sin frie eigenkapital før avsetjing til utbytte er 375 MNOK og konsernet sin frie eigenkapital er på 403 MNOK.

Morselskapet sin utbyttepolitikk under utbyggingsperioden legg til grunn at det kan betalast ut inntil 30% av overskotet frå drift i utbytte. I tillegg er det avgrensingar i låneavtale knytt til eigenkapitalandel, likvide midlar og unytta kredittar. Desse vilkåra er tilfredsstillt ved utgangen av 2018.

Ut frå ei samla vurdering av resultatata for åra 2017 og 2018, tilrår styret at det vert utbetalt eit utbytte på 22,8 MNOK.

Styret føresler at årsresultatet vert disponert slik (TNOK):

Disponering av årets resultat	Sognekraft AS
Avsett til utbytte	22.800
Overført til annan eigenkapital	127.356
Sum disponert	150.156

## Fortsatt drift

I samsvar med rekneskapslova §3-3a, stadfestar styret at årsrekneskapslova er avlagt under føresetnad om fortsatt drift og at årsrekneskapslova er avlagt under denne føresetnaden.

## Konsernet si verksemd

### Kraftproduksjon

#### Prisar, hydrologi og forbruk

2018 vart eit år med ekstrem variasjon i tilsig og nedbør. Frå ein varm og rekordturr sommar gjekk ein rett inn i ein haust med historisk mykje nedbør. Totalt for året kom det 13 TWh mindre nedbør enn normalt, mens tilsiget enda på normalt nivå. Den norske kraftproduksjonen vart på 145,7 TWh i 2018, som er ein nedgang på 2,5 TWh samanlikna med 2017. Kraftforbruket i Norge i 2018 vart på 135,4 TWh noko som er ny forbruksrekord og 2,5 TWh høgare enn året før. Forbruksauken skuldast kaldt ver på våren, auka elektrifisering og auke i kraftkrevjande industri. Norge enda med ein nettoeksport av kraft på 10,2 TWh, noko som er 5,1 TWh lågare enn i 2017.

2018 starta med tilnærma normal magasinifylling og meir snø enn normalt. Sein vår med låge temperaturar i mars og april medførte høg vasskraftproduksjon og ei magasinifylling om lag 10 prosentpoeng under normalen. I juni og juli førte tørkeperioden til svært liten auke i fyllingsgraden samanlikna med normalt. Mykje nedbør i august og september med nokre flaumperiodar resulterte i nedbørenergi om lag 20 TWh over normalen. Frå oktober og ut året følgde fyllingsgraden tilnærma ei normal utvikling og enda på eit nivå 6,5 prosentpoeng under normalen ved slutten av året. Den gjennomsnittlege kraftprisen i området Sognekraft tilhøyrer, NO5 Vest-Norge, vart på 41,4 øre/kWh. Til samanlikning vart prisen i 2017 på 26,9 øre/kWh. Januar vart månaden med lågast pris i 2018, 31,2 øre/kWh. Høgast pris vart notert i desember med 50,7 øre/kWh.

#### Produksjon

Sognekraft AS eig Årøy kraftverk i Sogndal og er medeigar i Statkraft Vikfalli med 12 % og Svelgen Kraft Holding AS med 10 %. Vadheim Kraft AS med Dyrnesli kraftverk er heileig dotterselskap. Fram til 22.des 2018 eigde Sognekraft Fjærland

Kraft AS med kraftverka Jordal, Hatlestad, Berge, Bjåstad, Lidal og Romøyri. Sognekraft eig 50 % av aksjane Nydalselva Kraft konsernet som består av kraftverka Nydalselva, Helgheim og Indrebø i Jølster kommune, Steinsvik kraftverk i Volda kommune samt Timbra kraftverk og 51,2 % i Sandal kraftverk i Gloppen kommune.

Produksjonen i 2018 var på 770 GWh, som er fordelt slik:

Kraftverk	Totalt inst. effekt	Sognekraft sin andel årsproduksjon i GWh		
	MW	Middel	2018	2017
Årøy	94	349	424	365
Vikfalli (12%)	180	111	116	105
Vadheim Kraft	6,7	52	47	57
Svelgen (10%)	124	75	76	74
Nydalselva (50 %)	21,6	30	33	25
Fjærland Kraft	39	122	74	0
<b>SUM</b>	<b>465</b>	<b>739</b>	<b>770</b>	<b>626</b>


Fyllingsgraden i Sognekraft-konsernet sine vassmagasin var 58 % ved utgangen av året, mot 74 % ved inngangen til året.

#### Nedbørsrekord i Vadheim

Sommaren var turr, men når regnet først kom, så kom det rekordmykje. Aldri har det regna så mykje i september månad sidan nedbørsmålingane starta i 1930. I september 2018 vart det målt 849 millimeter nedbør. Den førre septemberrekorden var frå 1975, då det vart notert 705 mm i målebegeret.

#### Flaum i Årøyvassdraget

Høge temperaturar i kombinasjon med svært store nedbørsmengder førte til flaum i Årøyvassdraget andre helga i oktober. På Veitastrondi vart det skadeflaum med vatn inn i kjellarane på nokre av bustadhusa som ligg lægst i terrenget. Sognekraft starta nedtappinga av Veitastrondsvatnet tidleg, og ein låg godt under høgste regulerte vasstand når



uvêret vart meldt og det vart starta meir aktiv nedtapping for å hindra skadeflaum. Situasjonen medførte store nedbørmengder og stor snøsmelting, som medførte dobbel effekt. I konsesjonsvilkåra for Årøyvassdraget som ein skal styra etter, heiter det at «magasinet tilstrebes fylt til 1. oktober». Dette vilkåret må balanserast mot faren for skadeflaum som følgjer av meir ekstremvær. Det høyrer også med til historia at meteorologane ikkje traff godt med varslinga ved dette høvet. Det vart både våtare og varmare enn meldt.

#### Resultat

Driftsresultat før av- og nedskrivningar for berre produksjon i Sognekraft AS vart på 141 MNOK for 2018, ein auke på 75 MNOK frå 2017. For konsernet vart resultat før av- og nedskrivning for produksjon 182 MNOK i 2018, mot 66 MNOK i 2017.

Kraftproduksjonen vart på 770 GWh i 2018, 143 GWh meir enn i 2017. I tillegg til auka produksjon, vart også kraftprisen høgare. Gjennomsnittleg kraftpris auka fra 26,9 øre/kWh i 2017 til 41,4 øre/kWh i 2018 i områdepris NO5. Dette medførte til eit driftsresultat frå kraftproduksjon i 2018 på 131 MNOK.

#### Idriftsetjing av nye kraftverk

I 2018 har det vore stor aktivitet i samband med bygging av 6 småkraftverk langs Fjærlandsfjorden med til saman 122 GWh ny kraftproduksjon. Grunna mangel på vatn kunne ikkje kraftverka startast opp før i slutten av april månad. Arbeidet med idriftsetjing og overtaking av kraftverka pågjekk i mai og juni. Kraftverka Jordal, Hatlestad, Berge, Bjåstad, Lidal og Romøyri vart overlevert frå totalentreprenøren i slutten av juni 2018. Ut over sommaren og hausten pågjekk arbeidet med oppretting av registrerte feil og manglar og fullføring av diverse arronderingsarbeid på nokre av kraftverka. Arronderingsarbeidet på kraftverka var tilnærma ferdig ved utgangen av oktober.

I Lidal oppstod det eit pakningsbrot i slutten av juli, ei alvorleg hending på røyrgata inne i krafttunnelen. Det er no etablert løysingar og sett inn omfattande tiltak som skal hindra liknande hendingar i Lidal og Romøyri. Det vart òg konstatert ein større lekkasje i borsjakta i Hatlestad, men grunna eventuelt produksjonstap vart utbetring av denne utsett til vinteren.

Gjennom det deleigde selskapet, Nydalselva Kraft AS, har det vore stor aktivitet i samband med bygging og oppstart av Helgheim kraftverk i Jølster kommune og Timbra kraftverk i Gloppen kommune. Desse 2 småkraftverka vart ferdigstilt våren 2018 og gir om lag 20 GWh ny kraftproduksjon.

#### Energi frå Sognefjorden

I tillegg til vasskraft, produserer Sognekraft fjordenergi til varme og kjøling til bygningsmasse i Sogndal. Anlegget er delvis finansiert med tilskot frå Enova og det er lagt til rette for utviding av

anlegget etter kvart som ny bygningsmasse kjem til. I 2018 vart det inngått avtale om tilknytning til nybygget til Quality Hotel Sogndal med leveransstart våren 2019. Andre aktuelle prosjekt er ny barnehage, Lerum brygge og Stedjevegen.

#### Bygging av Leikanger kraftverk

Bygginga av Leikanger kraftverk har pågått gjennom 2018. Det har vore tunneldriving på 3-4 stader samstundes, der det er drive totalt 6,7 km tunnel. Det er vidare sprengt ut kraftstasjon og trafostasjon i fjellet ved Suppam. Bygginga av bekkeinntak i Grindsdalen starta sommaren 2018, og 2 av bekkeinntaka vart fullførte i løpet av hausten. Det vart starta opp grunnarbeid og betongarbeid på ytterlegare 2 bekkeinntak. Arbeid med vassverksløyningane har pågått, og seinhaustes vart entreprenør for provisorisk drikkevassforsyning engasjert.

Det er etablert gode rutinar og system for prosjektstyring. Leikanger kraftverk er planlagt med 208 GWh ny vasskraftproduksjon når det står ferdig.

#### Forvaltning av potensielle prosjekt

Utvikling av ny vasskraftproduksjon er den viktigaste satsinga for å oppnå langsiktig verdiskaping i Sognekraft. Det er gjennom dei siste 15 åra lagt ned eit stort arbeid for å sikre konsernet fallrettar og utvikle nye vasskraftprosjekt fram mot konsesjon. Elsertifikatmarknaden som vart etablert i 2012 har fram til no tilført kraftproduksjon ekstraintekter som betrar lønsemda dei 15 fyrste åra etter oppstart. Produksjonen må starte opp innan utløpet av 2021 for å bli inkludert i ordninga, men stor investeringsvilje i ny, fornybar kraftproduksjon vil sannsynlegvis medføre svært låge prisar på elsertifikat etter 2020. Lang sakshandsamingstid og nye føresetnader som har kome til undervegs, har medført at tidsløpet fram mot 2021 vert stramt. Det er pårekeleg at prisen på entreprenørentenester vert påverka av at mange utbyggingsprosjekt kjem til realisering samtidig. Med svært låge framtidsprisar på elsertifikat og stort press i entreprenørmarknaden kan det vere fornuftig å vente med realisering av konsesjonsgitte utbyggingsprosjekt. Avgjerder om investering vert fatta når endeleg vurdering av lønsemd er utført. Konsesjonsvilkår, oppdaterte investeringskalkyler og finansiering er nødvendige premisser. Det vert arbeidd med både tradisjonelle og ikkje tradisjonelle løysingar for finansiering og prissikring, frå obligasjons- og sertifikatlån til bygging med sal og opsjon på tilbakekjøp.


Det vert arbeidd med å prioritere dei ulike potensielle prosjekta, samt avklare på ny rammevilkår som nettkostnader, grunneigarkompensasjon og utbyggingskostnader.

Det er inngått samarbeid med Okken Kraft AS med sikte på utbygging av kraftverka Tynjadalen og Fosseteigen i Lærdal kommune. Saman med Norconsult vert det arbeidd med prosjektering og utarbeiding av tilbudsgrunnlag.

Tabellen under syner prosjekt som Sognekraft har utvikla, og som kan vere aktuelle for utbygging seinare:

Kraftverk	Brutto GWh	Status konsesjon	Eigarskap
Feios	94	Innvilga konsesjon	Sognekraft 70% , BKK 20% , Veidekke 10%
Offerdal	95	Innvilga konsesjon	Sognekraft 80% , Årdal Energi KF 10% , Veidekke 10%
Tynjadalen	23	Innvilga konsesjon	Sognekraft 49 % , Okken Kraft 51 %
Fosseteigen	16	Innvilga konsesjon	Sognekraft 49 % , Okken Kraft 51 %
Mundalselvi	13	Innvilga konsesjon	Sognekraft
Fardalselvi	10	Innvilga konsesjon	Sognekraft
Kråkeelvi	14	Innvilga konsesjon	Sognekraft

Kartet under viser kraftverk Sognekraft eige heile eller delar av, kraftverk som kan vere aktuelle for utbygging, og kraftverk vi driftar for andre:



● Produserande kraftverk   
 ● Produksjonspotensiale   
 ● Kraftverk under bygging   
 ● Bygd og selt. Har driftsansvar.

- |                              |                       |                          |                          |
|------------------------------|-----------------------|--------------------------|--------------------------|
| 1. Årøy - 349 GWh            | 7. Helgheim - 4 GWh   | 13. Bjåstad - 16 GWh     | 19. Fardalselvi - 10 GWh |
| 2. Vikfalli - 108 GWh        | 8. Hatlestad - 15 GWh | 14. Mundalselvi - 12 GWh | 20. Feios - 65 GWh       |
| 3. Sandal & Fosshem - 2,6GWh | 9. Jordal - 24 GWh    | 15. Dyrnesli - 49 GWh    | 21. Steinsvik - 15 GWh   |
| 4. Timbra - 5 GWh            | 10. Romøyri - 26 GWh  | 16. Kråkeelvi - 14 GWh   | 22. Offerdal - 75 GWh    |
| 5. Nydalselva - 9 GWh        | 11. Lidal - 22 GWh    | 17. Svelgen - 69 GWh     |                          |
| 6. Indrebø - 2 GWh           | 12. Berge - 19 GWh    | 18. Leikanger - 208 GWh  |                          |

Her er tal GWh Sognekraft sin direkte eller indirekte eigarandel.



## Nett

Forretningsområdet Nett har ansvar for utbygging, drift og vedlikehold av Sognekraft sitt regionale (66 kV, 132 kV) og lokale (0,23 kV – 22 kV) distribusjonsnett. Sognekraft leverer straum til om lag 9400 kundar i Sogn, frå Manheller i aust til Ortnevik i vest. Lengda på nettet er på 1890 km fordelt på ulike spenningsnivå. I 2018 utgjorde forbruket 274 GWh som er 4,3% høgare enn forbruket i 2017 og 10,5% høgare enn eit historisk gjennomsnitt (2010-2015).

### Ny og sterkare nettstruktur

Sognekraft nyttar aktivt mulighetene som ny kraftproduksjon gir, til å samarbeide med Statnett og andre aktørar, for å fornye straumnettet i konsernet sitt konsesjonsområde til beste for å auke overføringskapasiteten og styrke driftsstabiliteten.

Det er totalt investert for nær 40 mill. kroner i nytt nett i 2018. Nettanlegg for Leikanger kraftverk, omlegging av 22 kV luftlinje til kabel i indre Fjærland og investering i nytt fibernett i Fjærland har størst investeringskostnader av nettprosjekta i 2018. Fjærland har med dei nemnde nettinvesteringane, 6 nye småkraftverk med tilhøyrande regional – og distribusjonsnett fått eit enormt infrastrukturloft, som gjer bygda svært høg forsyningstryggleik. Omlegging av luftlinje til kabel vil forbetre forsyningstryggleika betydeleg, då dette området dei seinare åra har vore utsett for ising og hyppige straumbrot i periodar.

### Automatiske strømmålarar

Sognekraft har bidrege til Noregs største digitaliserings – og moderniseringsprosjekt, der montering av nye automatiske målarar (AMS) har vorte installert hjå alle nettkundar i Noreg, gjennom installasjon av AMS-målarar i Sognekraft sitt konsesjonsområde. Ved utgangen av 2018 var samtlige AMS-målarar i Sognekrafts konsesjonsområde installert med unntak av nokre målarar som vert spesielt handsama i ein "clean-Up"- prosess. På kommunikasjonssida fungerer dei aller fleste målararane svært godt, men nokre få målarar har utfordringar

med dårlege signalforhold. Dei nye strømmålararane vil gi forbrukarane betre informasjon om sitt eige straumforbruk, og ein meir nøyaktig avrekning. Straumkundane vil elles få mulegheit til å nytte straum på ein meir fleksibel, effektiv og miljøbesparande måte.

### Førebur framtida

#### Elhub

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har pålagt Statnett å utvikle Elhub. Løysinga skal sørge for effektiv utveksling av måleverdiar og kundeinformasjon som nyttast til leverandørskifter, avrekning og ved fakturering av nettleige og straumsal. Elhub skal bidra til auka konkurranse og innovasjon i strømmarknaden, og sørge for sikker og effektiv handtering av måleverdiar frå dei nye automatiske målararane. Elhub vart satt i drift 18.februar 2019.

### Digitalisering og "big data"

Digitaliseringa av samfunnet og forretningsprosessar medfører ei markant auke i datamengder, ofte kalla "big data". I dag står IKT-sektoren for heile 10 prosent av verdas straumforbruk, der datasenter eller serverklynger med enorm reknekraft representerer den raskast veksande sektoren. Globale trendar merkast også lokalt i Sogn, der Sognekraft organiserte nettilknytting for eit datasenter i eige konsesjonsområde på Kaupanger i juni 2018. Sognekraft representerer med sin robuste nettinfrastruktur med fleire grensesnitt mot transmisjonsnettet attraktive etableringsvilkår for kraftintensiv industri. Aktuelt er Sognekraft i dialog med fleire selskap om etablering av større datasenter innanfor Sognekraft sitt konsesjonsområde. Ustabile rammevilkår som avgiftsendringar og volatil strømmarknad påverkar investeringsviljen til datasentre i negativ retning.

### Elektrifisering

Elektrifisering er ein viktig del av klimastrategien for å fase ut fossil energi. Elektrifiseringa famnar breidt, der sektorar som bygg, transport, industri, petroleum, landbruk og fiske





opplever ei sterk aukande grad av elektrisitet som naturleg energiberar. Lokalt i Sogn bidreg Sognekraft til elektrifiseringa av ferjesambanda Hella-Dragsvik-Vangsnes og Manheller-Fodnes med framføring av ladestraum med høg forsyningsikkerheit til kaianlegg. Sognekraft legg også til rette for komande elektrifisering av luftfart og tungtransport gjennom betydeleg auke i transformeringskapasitet i eige regionalt distribusjonsnett. Vidare agerer Sognekraft proaktivt i eigen energiforbruk, der fossile bilar i eigen bilpark blir fasa ut til fordel for elbilar der det er mogeleg. Sognekraft har også bidrege med bygging av nye hurtigladestasjonar i Sogndal, Fjærland og Leikanger. I tillegg til dette har Sognekraft montert moderne infrastruktur for hurtiglading på eigne kontorlokasjonar, for lading av eigne og tilsette sine elbilar.

#### Framtidsretta nettstyring

Drift og styring av straumnettet vil i aukande grad bli modernisert og digitalisert framover – også for Sognekraft. Eit moderne og godt utbygd fibernett til viktige styringspunkt, brytarar og transformatorstasjonar i straumnettet, vil saman med kontinuerleg tilgang på viktige måledata gje Sognekraft eit grunnlag for automatisering og forbetring av nettstyringsprosessar og forsyningsikkerheit – til fordel for kundar og samfunnet generelt.

#### Organisering av nettverksemda


Digitaliseringa og elektrifiseringa av samfunnet og forretningsprosessar påverkar i dag dei fleste selskap – også Sognekraft. For å vere best mogeleg førebudd på samfunnstrendar og samfunnsbehov har nettverksemda blitt omorganisert, der ny avdelingsstruktur bidreg til dedikerte og fokuserte ansvarsforhold med stort eigarskap til oppgåver og ansvarsområder. Mellom anna har avdelinga Nettstyring blitt oppretta med eit samla ansvar for eigarskap av nettanlegga, nettstyring, beredskap og operativ drift av straumnettet

i Sognekraft. Avdeling Nettutvikling har ansvaret for utviklingsprosjekt av nye nettanlegg. Avdeling Fiber har ansvar for drift og utvikling av all fiberinfrastruktur eigd av Sognekraft. Avdelingane Montasje/Drift i Sogndal og Vik/Balestrand har ansvar for all montasje, prosjektutføring og utføring av driftsoppgåver på nettanlegg knyta til våre konsesjonar. DLE har ansvar for tilsyn av nettanlegg i eget konsesjonsområde – og har også levert tilsynstenester i andre konsesjonsområde.

#### Sognekraft har høg leveringskvalitet

Det er ei viktig samfunnsoppgåve å halde i drift eit vel-fungerande straumnett. Sognekraft tek denne oppgåva på største alvor, og konsernet har ein beredskapsorganisasjon som er operativ 24 timar i døgnet heile året. I tillegg til å etablera nye sterke forsyningspunkt ved nye Sogndal transformatorstasjon, Grindsdalen transformatorstasjon og Lidal transformatorstasjon, vil Sognekraft dei komande åra ytterlegare forsterka forsyningsikkerheita gjennom oppgraderingar og fornyingar av viktig nettinfrasturktur innanfor eige konsesjonsområde. Utover dette har Sognekraft gjennom ei årrekke utført omfattande skogrydding. Det har vore prioritert å sikra dei viktigaste kraftlinjene, der desse kryssar plantefelt av grantre, samt kraftlinjer som er vanskeleg tilgjengelege i vinterhalvåret. I tillegg er fleire kilometer med luftnett skifta ut med kabel, der dette er økonomisk og driftsmessig fornuftig. Innsatsen har betalt seg i form av at Sognekraft har nær eliminert trefall på linje som årsak til straumbrot, også under utfordrande vêrforhold.

Av grafen er effekten av Sognekraft sitt arbeid for betra forsyningsikkerheit tydeleg, der mengda ikkje-levert-energi (ILE) er i klar fallande trend frå 2013 til 2018 både i absoluttverdi og relativt til eit aukande forbruk. Vidare har kostnadane relatert til ILE meir enn halvert seg i perioden frå 2013 til 2018. Først og fremst kundar, men også Sognekraft, er tent med godt og grundig arbeide for sikring av høg forsyningsikkerheit:



#### Økonomisk resultat

Driftsresultatet for nettverksemda i 2018 vart på 24 MNOK, som er eit solid resultat også samanlikna med resultatet i 2017 (+26 MNOK), når ein tek høgde for betydeleg høgare kraftprisar som har resultert i auka kostnader relatert til nettap (-4,1 MNOK), auka transmisjonsnettkostnader (-2,2 MNOK), auka avskrivingskostnader (-3,5 MNOK) som følgje av auka aktive-ring av prosjektportefølja og auka inntektsramma (2 MNOK) i 2018 samanlikna med 2017. Auka effektivitet og kostnadsfokus har bidrege til eit solid resultat. Vidare har god beredskap og skogrydding bidrege til lågare KILE-kostnader (+2,0 MNOK) og positivt til driftsresultatet. Meirinntekta i inntektsramma per 31.12.2018 er om lag 9,7 MNOK.

Sognekraft har eit auka fokus på kostnadseffektive og bedrifts-økonomisk lønsame investeringar som eit av fleire verkemiddel, for å auka den målte effektiviteten, driftsresultatet og avkastninga for nettselskapet. Som eit resultat av godt arbeid på nemnde områder er no Sognekrafts nettverksemd rangert som ei av Noregs mest effektive nettverksemd med eit DEA-resultat for lokalt distribusjonsnett (DNett) på 115,5%.

#### Kraftsal til sluttkundar

I privatmarknaden er Sognekraft ein regional aktør innan kraftsal til sluttkundar, og marknadsdelen i eige område er relativt høg. I bedriftsmarknaden har selskapet valt å gå breitt ut og sel kraft til større bedrifter og offentlege einingar på landsbasis. For å kunne tilby større bedrifter aktiv forvaltning og ulike sikringsprodukt samarbeider Sognekraft med Kinect Energy Group, som leverer energitjenester i Noreg og internasjonalt. Dette samarbeidet har vore vellykka, både med tanke på auka volum og lønsemd. 1. november 2018 hadde ein oppstart på den største kraftsalsavtalen i Sognekraft si historie; nye Vestland fylke.

I sluttkundemarknaden er det sterk konkurranse og mange tilbydarar. Marginane er små og volum er difor viktig. Prisane i sluttkundemarknaden vert påverka av prisane på kraftbørsen Nord Pool, elsertifikatprisane og konkurransesituasjonen.

For å redusera risikoen til eit minimum, sikrar Sognekraft alltid innkjøpspris der ein har kontraktar med garanti på fastpris. Den stadig aukande delen av spotpriskontraktar dempar prisrisikoen. Kreditrisikoen er liten, då auka volum i bedriftsmarknaden kjem frå store selskap samt frå offentleg sektor.

#### Endring i rammevilkår

I tida som kjem vil det kome store endringar i rammevilkåra for kraftsal til sluttkunde. Automatiske strømmålarar (AMS), og den nye Elhuben som vart idriftsatt 18. februar 2019, vil opne for nye marknadsmodellar. Det er eit overordna mål hjå reguleringsmyndigheiter å samle all kundekontakt hjå ein aktør i verdikjeda, kraftleverandøren, - såkalla «kundesentrisk modell». Kraftleverandøren vil få ansvaret for tilnærma all kundekontakt, og samfakturering av nett og kraft hjå kraftleverandøren vert obligatorisk. I tillegg til at ny teknologi endrar marknaden, etableringsbarrierane vart færre og nye forretningsmodellar

oppstår, får kundane også nye vanar og forventningar. Dette vil medføre nye og endra roller for aktørane i kraftbransjen, samt at ein truleg vil sjå heilt nye aktørar som og entrar marknaden.

Sognekraft er budd på omstillinga, men ser at endringane skjer raskt. Selskapet har som mål å halde fram med å vere synleg og føretrakt leverandør for privatkundar og næringsliv i Sogn, og eit konkurransedyktig alternativ for stort næringsliv og offentleg forvaltning utanfor området vårt. Selskapet skal utviklast på grunnlag av kundane sine ynskje og behov. Det vert jobba kontinuerleg med å finne kundevennlege løysingar. Det set store krav til fleksibilitet, kompetanse og vilje til omstilling.

#### Økonomisk resultat

2018 var eit turbulent år i høve svingingar i både kraftprisar og elsertifikatprisar. I tider med kraftig oppgang i prisane er konkurransesituasjonen ekstra utfordrande i høve prising av privatmarknadsprodukta, og den særskilte situasjonen med stor auke også i elsertifikatprisen medførte lange periodar med særsmå og til dels negative marginar på privatmarknadsprodukta. Resultatet i 2018 vart difor svekka både i høve prognose og tidlegare års resultat.

Kraftsal til sluttbruk hadde eit driftsresultat i 2018 på 3,6 MNOK og omsette for 292,3 MNOK. Driftsresultatet for 2017 var på 6,4 MNOK med ei omsetning på 176,4 MNOK.

#### Andre forretningsområde

Dette omfattar bygging og leveranse av breidband, tradisjonell entreprenørverksemd som utbygging og drift av veglys og andre nettanlegg på oppdrag frå private og offentlege kundar samt oppmålingstenester.

#### Fiber

Sognekraft AS har i fleire år gjort større investeringar på fiberinfrastruktur, og Sognekraft sitt dotterselskap Soggenett disponerer fiberkapasiteten gjennom leigeavtalar og skapar meirverdi gjennom kommersiell verksemd av fiberen. Sognekraft la ned fiber i fleire nye område i 2018, mellom anna Fjærland, og auka kundegrunnlaget for Soggenett. Soggenett starta i 2012 den fyrste utbygginga av fiber til private heimar i Sogndal. Kundane sine vanar og etterspurnad har endra seg dramatisk etter at smarttelefonar og nettbrett har vorte allemannseige, og raskt internett har vorte høgt verdsett. Selskapet held fram si satsing i privat-, bedrifts-, og operatørmarknaden.

Soggenett vart kåra til Noregs beste fiberselskap på kundetservice og Best Regional Carrier i 2018. Prisen Best Regional Carrier fekk Soggenett for å ha satsa hardt og framtidsetta på fiberutbygging i Sogn, og for å ha opna fibermotorvegen til og frå Sogn og Fjordane mot resten av verda.

#### Økonomisk resultat

Driftsresultatet for andre forretningsområde vart på 2,6 MNOK i 2018, mot 2,8 MNOK i 2017.

## Samfunnsansvar

Sognekraft sin visjon er å vera ei drivkraft i Sogn, som betyr at Sognekraft sin aktivitet skal bidra positivt og med positive ringverknader i regionen. Sognekraft set krefter i sving!

### Verdiar

Kulturen i konsernet har alltid vore prega av samfunnsansvar og nøkterne val, der «tæring» er sett etter «næring». Det er viktig at Sognekraft framstår som ein påliteleg og seriøs aktør. Det er definert eit sett med kjerneverdiar som er styrande for arbeidsgjevar og tilsette sine handlingar: tryggleik, trivsel, påliteleg og nyskapande.

### Forskning og utvikling

Å finne nye og smarte løysingar, gjennom eiga utvikling og i samarbeid med andre er prioritert i Sognekraft. Sognekraft deltek i Energi Norge sine fellesfinansierte forskings- og utviklingsprosjekt. Desse prosjekta fører til spreiding av kunnskap, metodar og verkty for auka verdiskaping og sikrar eit aktivt kunnskapsmiljø.

I samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning, medverkar Sognekraft til eit kompetansmiljø for fornybar energi i regionen og byggjer kunnskap om samfunnsmessige vilkår for auke av produksjon og bruk av fornybar energi.

### Beredskap

Sognekraft er ein beredskapsorganisasjon som har vaktordningar både innan straumnett, kraftproduksjon og breidband som er operative 24 timar i døgeret heile året. I tillegg er det etablert beredskapsavtalar med både omkringliggjande og andre bransjeaktørar som omfattar utveksling av både materiell og personell ved større kriser som til dømes ekstremvær eller andre større hendingar.

### Klima og miljøpåverknad

Fornybar energi er viktig for å løyse både globale og lokale klimautfordringar, samstundes som behovet for kapasitet i straumnettet aukar. Selskapet legg stor vekt på å forvalte desse oppgåvene på ein ansvarsfull og framtidsretta måte. Utbygging av kraftproduksjon og bygging av kraftlinjer påverkar naturen og miljøet. Selskapet søker difor å ta omsyn til natur og lokalmiljø ved gjennomføring av prosjekt. Sognekraft har transportbehov som krev ein bilpark av ein viss storleik. Miljøfaktorar vert vurdert i lag med bruks- og beredskapsmessige eigenskapar ved innkjøp av køyretøy.

I 2017 byrja ein omlegging til meir bruk av elektrisitet også i bilparken. Vasskraft og fjordenergi er reine og fornybare ressursar som bidreg til det grønne skiftet, utan utslepp som forureinar

det ytre miljø. Gjennom kjerneverdiar og reguleringsføresegner syter Sognekraft for å ta omsyn til naturen i regulerede vassdrag. I planlegging av ny kraftproduksjon er selskapet i dialog med grunneigarar og andre aktørar for å samarbeide om tiltak med felles nytteverdi i tillegg til avbøtande tiltak.

Sognekraft produserer og leverer rein og fornybar energi. Konsernet si verksemd innafor vasskraft og nett vert regulert av offentlege konsesjonar og eit omfattande lovverk.

### Vasskraft og miljø

Reguleringsanlegg og kraftstasjonar medfører at naturgitte forhold vert endra, men konsernet si verksemd belastar ikkje natur eller samfunn utover det som er normalt for denne type verksemd. Sognekraft gir samtidig eit betydeleg positivt bidrag til miljøet med ein kraftproduksjon der 100% kjem frå fornybare kjelder. Det vert tilbydd opphavsgaranti for 100% rein fornybar kraft levert til både privat- og bedriftskundar.

Regulering av vassdrag kan påverke livsgrunnlaget for fisk. For å kompensere for dette er det sett i verk både planlagte og frivillige tiltak. I Leikangerprosjektet er det utarbeidd eigen overvakingsplan for Henjaelvi. Her vil òg førtilstanden bli kartlagt, og skal følgjast opp med etterundersøkingar seinare. Ved behov vil det bli etablert tersklar o.l. i elva. Det skal òg etablerast rugekas-sar for fossefall i elva.

Konsesjonsgivar har lovheimel til å endre gjeldande konsesjonsvilkår, blant anna vilkår om minstevassføring og magasinrestriksjonar. Med utgangspunkt i vassforskrifta har Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeidd «Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021» som er godkjent av Klima- og Miljødepartementet. For Sognekraft sine vassdrag er det prioriterte tiltaket å styrke fiskebestanden. Det vert forventa at NVE vil setje i gang vilkårsrevisjonar som ein konsekvens av planen, men det er førebels vanskeleg å vurdere konkret kva det vil medføre.

Det er ikkje registrert brot på manøvreringsreglementet, eller negative miljøhendingar.

### Nett og miljø

Det er stor fokus på å minimere uønska miljøhendingar. For å nå dette vert det lagt vekt på opplæring av tilsette, interne rutiner og å overhalde dei til eikvar tid gjeldande lover og forskrifter på området. Det er ikkje registrert alvorlege miljøhendingar i 2018.

### Fjordenergi og miljø

I fjordenergianlegget i Sogndal nyttar Sognekraft sjøvattn i varmevekslarar til å varme opp vatnet som sirkulerer mellom bygga som er knytt til anlegget. I energisentralane for dei ulike bygga vert det brukt store varmepumper til å tilpasse temperaturen i kvart bygg. Det vert utført jamnlege kontrollar for å sjå til at ammoniakkgass i varmepumpene ikkje ureinar miljøet.

## Omdømme

Etter fleire år med oppgang og ei utflating frå 2016 til 2017, fall kraftnæringa sin omdømmescore gjennom heile 2018 til eit nivå ein må 6-7 år attende for å finne maken til. Høge straumprisar, skepsis til dei nye strømmålarane og stor kunnskapsmangel om nettverksemda og dens rolle, vert peika på som viktige årsaker. Dette rammar bransjen generelt og straumleverandørane spesielt.

Ved utgangen av året hadde 94% av landets husstandar fått installert dei nye strømmålarane. Majoriteten av desse er nøgde med prosessen rundt målaraskiftet, og etter ein aukande skepsis i byrjinga av året, grunna mykje fokus på strålefare, feilmålingar og at mange tykte dei fekk høgare rekningar etter bytet, har tilfredsheita vore aukande siste halvdel av 2018.

Prisen kundane betalar er framleis mest bestemmande for kva inntrykk forbrukarane har av bransjen. Dei er opptatt av å betale ein «rettferdig» pris og dei forventar å få informasjon dei kan stole på. I 2018 var straumprisane relativt høge.

Sognekraft gjennomfører regelmessig kundeundersøkingar og følgjer utviklinga i kundane sine tilbakemeldingar tett. Selskapet sine resultat har synt bette resultat enn bransjen elles. Siste kundeundersøking synte høg score på både tilfredsheit og lojalitet, samt eit omdømmeresultat som generelt ligg godt over bransjegjennomsnittet. Konsernet har gjennom fleire år arbeidd

målretta med kundekontakt og kommunikasjon, profil og merkevarebygging. Innsatsen har gitt resultat i form av bette resultat på alle områda.

Dei ekstreme vørsituasjonane ein har vore råka av dei seinare åra har gitt selskapet moglegheit til å vise kva ein er gode for. Kundane sine tilbakemeldingar tyder på at selskapet har handsama utfordringane på ein god måte. Informasjonsbehovet er stort når ekstraordinære hendingar får verknad for kundane. Eit straumbrot kostar nettselskapa dyrt, ikkje berre i kroner og øre, men og i tapt kundetilfredsheit. Undersøkingar utført av Kantar TNS viser at kundane si tilfredsheit med eige nettselskap fell med 11 poeng i det augneblink straumbrot oppstår. Om kundane ikkje får den informasjonen dei treng under brot, fell tilfredsheita med ytterlegare sju poeng. Førebyggjande arbeid for å hindre straumbrot, samt gode beredskaps- og informasjonsrutinar under brot, vil kunne gje god avkastning både i kroner og øre og i nøgde kundar og styrka omdømme.

I tillegg til selskapet sine heimesider, nyttar Sognekraft Facebook som ein supplerande informasjonskanal ved omtale av daglegdagse oppgåver og i meir krevjande situasjonar med større straumutfall, der ein i tillegg nyttar direktevarsling via SMS. Facebook er ein effektiv informasjonskanal ved krisehandsaming og for omdømmebygging.



## Arbeidsmiljø og personale

Konsernet Sognekraft AS hadde ved utgangen av 2018 114 tilsette, inkludert 5 lærlingar. I løpet av høvesvis få år har vi nær dubla talet på tilsette i konsernet, og vi har vore gjennom eit omfattande generasjonsskifte. Sognekraft viser seg å vere ein attraktiv arbeidsgjevar når det vert lyst ut nye stillingar.

### Likestilling og diskriminering

Andelen kvinner er om lag 20 %, og andelen har vore stabil sjølv med stor vekst dei seinare åra. Selskapet sitt kompetansebehov er frå mannsdominerte utdanningar, og bransjen har generelt overvekt av menn. Det vert jobba med å auke kvinnerepresentasjonen innan dei tekniske faga. Tre av seks leiarar i leiargruppa er kvinner. Styret har sju medlemmer, der fem er aksjonærvalde og to er valde av og mellom dei tilsette. To av fem aksjonærvalde styremedlemmer er kvinner. Begge representantane valt av dei tilsette er menn.

Sognekraft følgjer diskrimineringslova sine føresegner. Det vert arbeidd for likestilling uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn eller funksjonsevne og konkret i samband med rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, utviklingsmoglegheiter og tilrettelegging av arbeidsplassen for den enkelte medarbeidar. Døme på tiltak for tilrettelegging er universell utforming av administrasjonsbygg og nye nettsider.

### HMS

2018 har vore eit år med høg byggeaktivitet. Etter ferdigstilling av og idriftsetjing av seks kraftverk i Fjærland, er det spesielt bygging av Leikanger kraftverk som har hatt stor merksemd.

Bygging av Leikanger kraftverk er krevjande, også i eit HMS perspektiv. Saman med eksterne krav frå myndigheiter har vi sjølv sett strenge krav til gjennomføring av arbeidene, noko som krev at vi har høg merksemd på HMS arbeidet på alle nivå.

Vi har gjennom våre kontrakter sett krav både til organisering og kompetanse hos våre entreprenører og prosjekterande. Vi har etablert omforeinte og konkrete mål for HMS arbeidet og har brukt naudsynt tid i 2018 for å etablere felles forståing for kva som krevst for at ein skal lukkast. Basert på dette er det etablert gode samarbeidsarenaer med fokus på samhandling og utvikling av best praksis. Trass god innsats av alle involverte gav våre to pågåande kraftutbyggingsprosjekt oss 5 personskader i 2018. Sjølv om ingen av desse gav alvorleg skade eller skade som gav fråvær, er det viktig å sjå bak hendingane og saman med entreprenørane finne årsaker og etablere tiltak som sikrar at det ikkje skjer liknande hendingar.

Sjukefråværet i 2018 var på 2,4 % mot 3,1 % i 2017. Korttidsfråværet er på om lag same nivå. Nedgangen og det låge nivået på fråvær skuldast lågt langtidsfråvær. Det har vore ein personskade utan fråvær i 2018 i Sognekraft-konsernet, og fire personskadar utan fråvær hjå entreprenør under utbygging av Leikanger kraftverk.

	Mål	KONSERN		MØRSELSKAP	
		2018	2017	2018	2017
Sjukefråvær	<4%	2,4	3,1	2,6	3,0
Tal personskadar	Null	1	4	1	3
H1	Null	0	18	0	14
H2	Null	4	24	6	21
F-verdi	Null	0	87	0	63

H1 verdi: personskadar med fråvær, H2:personskadar med medisinsk behandling, F-verdi: skadefråvær

Under viser akkumulerte resultat for utvalde HMS måleverdiar for Leikanger kraftverk:

Leikanger Kraftverk	Timar på byggeplass	H1-verdi	H2-verdi	N-verdi
Totalt	146724	0,0	27,3	5,3

H1-verdi - personskader med fråvær / Mål H1-verdi = 0.

H2-verdi - personskader med medisinsk behandling / Mål H2-verdi < 15.

N-verdi - (antall rapporterte RUH-er) / (årsverk) / Mål N > 4.

## Føretaksstyring

### Risikostyring og internkontroll

Sognekraft har ei etablert risikohandbok som identifiserer og danner rammer for dei viktigaste risikofaktorane. Desse omfattar marknadsaktivitetar, finansforvaltning, rammevilkår og drift. Styret sitt tilsynsansvar vert ivareteke gjennom månadleg rapportering av selskapet sin økonomiske status og prognosar, samt rapportering av drift, økonomi og framdrift i større prosjekt i kvart styremøte.

#### Marknadsrisiko

Den finansielle risikoen er først og fremst knytt til endringar i pris og volum ved produksjon og handel av kraft, samt finanskostnader. Risikoanalyser syner at kraftpris er den faktoren som er mest avgjerande for selskapet sitt resultat. Kraftprisane vert mellom anna påverka av vêret, brenselprisar og prisar på CO2-kvotar. Vidare vil storleiken på produksjonen av kjernekraft, og kapasitetsauke innan fornybar energi bety mykje på lang sikt.

Nedbørsforhold og temperatur medfører store endringar i prisar og produksjonsvolum frå år til år. Manglande transportkapasitet som fylgje av flaskehalsar i overføringsnettet, kan føre til store prisutslag og skilnader mellom kraftprisområda. Marknadsrisikoen vert styrt gjennom terminsikring av deler av framtidig produksjon. Det er etablert fullmakter, rammer og rapportering for all handel. Handelsaktiviteten vert gjort av eksterne. Fastpriskontraktar vert sikra.

Sognekraft er eksponert mot valutasvingingar i samband med at euro er notasjonsvaluta på Nord Pool. Alle oppgjer for fysisk kjøp og sal av kraft er utført i norske kroner. Risiko for svingingar i valuta relatert til kraftproduksjon vert delvis kompensert for ved terminsikring.

#### Kapitaltilgang og likviditet

Det er arbeidd ut ei heilskapleg finansieringsløyning som grunnlag for investering i ny vasskraftproduksjon. Selskapet sin låneavtale med Danske Bank sikrar finansiering for byggeperioden og fram til hausten 2021 då Leikanger kraftverk har produsert kraft i eitt år.

Selskapet sine lån er i norske kroner. Auka lånegjeld medfører at endring i rentenivået påverkar selskapet sitt resultat i større grad. Styret vurderer renterisikoen som akseptabel ut frå konsernet si noverande finansielle stilling, men vurderer rentesikring av deler

av låneportefølja som risikodempande tiltak framover.

#### Operasjonell risiko

Styret har utarbeidd overordna føringar for selskapet si utvikling i strategiplanen som vert jamnleg rullert. For å operasjonalisere og bryte ned strategiplanen vert det utarbeidd årlege handlingsplanar med tiltak og tidsplanar.

I selskapet sitt kvalitetssystem, Soludyne, vert arbeidsprosessar dokumenterte og evaluerte. Risiko- og sårbarheitsanalyser vert utført og danner grunnlag for tiltak som reduserer sårbarheit innafor dimensjonane HMS, økonomi og forsyningstryggleik. I arbeidet med HMS vert det elles arbeidd målretta med instruksar samt rapportering og analyse av uønska hendingar for å redusere risikoen for skadar.

#### Rammevilkår

Det er knytt risiko til selskapet og bransjen sine rammevilkår. Dette omfattar i hovudsak spesielle skattar og avgifter for energibransjen, regulering av nettverksemda samt rammevilkår for potensielle nye aktørar og kundar. Generelt er det også politisk risiko i samband med endringar til eit bærekraftig fornybar-samfunn.

#### Omstilling

Innføring av AMS og eit digitalt kraftsystem gir Sognekraft muligheit til ei meir presis nettstyring, og å kunne tilby betre oppfølging av kvar kunde. Ein vil i tillegg kunne styre nettet på nye måtar som sikrar leveringskvalitet og betre grunnlag for planlegging av reinvesteringar og nye investeringar.

Bransjen generelt er i stor omstilling, der digitalisering og endra rammevilkår vil påvirke betydeleg. Det har starta store omstruktureringar i bransjen. Også Sognekraft er påverka av dette. Behovet for å redusere einheitskostnader på leverte produkt er stor. Sognekraft møter denne framtida med ekspansjon for å sikre naudsynt volum til effektiv drift. Ein skal samstundes ta vare på "smådrifts-fordelane".

#### Eigarforhold

Selskapet sin aksjekapital består av 7211 aksjar kvar pålydande 20.000 kroner. 2260 er A-aksjar og 4951 er B-aksjar. Aksjane i aksjeklasse B kan berre eigast av stat, fylkeskommune, kommunar eller selskap som stettar krava i konsesjonslova § 4. Aksjer i aksjeklasse A er fritt omsettelege.

## Vidare utvikling

Behovet for ei berekraftig utvikling er tydeleg i dagens samfunn og store endringar er i ferd med å bli gjennomført. Overgang frå eit fossilt til eit elektrifisert samfunn med fornybare kraftkjelder i Europa og verda elles pågår og Sognekraft forventar at etterspurnaden etter rein, fornybar energi held fram å auka. Særleg i transportsektoren ser ein at nye fornybare energikjelder erstattar fossil brensel. Sognekraft er ein del av løysinga på eit meir klimavennleg framtid og vi jobbar heile året med å levere rein energi.

Teknologiutviklinga driv overgangen mot eit digitalt kraftsystem med høg teknologitilpassing.

Digitaliseringa har vorte referert til som den fjerde industrielle revolusjonen, og energibransjen kjem til å gjennomgå omfattande omveltningar framover. I ei tid med raske endringar vil ein liten og fleksibel organisasjon kunne tilpasse seg raskt. Ny digital teknologi opnar opp muligheter for nye kommunikasjonskanalar, forretningsmodellar og effektivisering av arbeidsprosessar. Styret meiner at Sognekraft er godt posisjonert til å ta del i denne utviklinga.

Det vert i tillegg arbeida kontinuerleg med strategisk tilpassing for å imøtekomme kundane og omverda sine forventningar om endringar i både teknologi og marknad i åra framover. Vidare førebur konsernet organisatoriske endringar med bakgrunn både i endra rammevilkår og for å møte framtida som eit sterkare Sognekraft.

Fleire utenlandskablar betyr at norsk vasskraft får tilgang til ein større marknad, og aukar verdiskapinga. Verdiskapinga går tilbake til samfunnet i form av skattar, avgifter og utbytte. Det er også eit gode å ha tilgang til å importere kraft i periodar med liten produksjonskapasitet. Det er bra for klimaet og for verdiskapinga

i Sognekraft at utvekslingskapasiteten mot dei europeiske marknadane aukar.

Skattlegginga av vasskraftressursane gjennom grunnrenteskatten har medført at mange vasskraftprosjekt i Norge ikkje har vorte sett i gang. Kraftnæringa har påpeika dette gjentekne gonger, og eit ekspertutval sett ned av regjeringa har fått som oppgåve å utføre ei heilskapleg vurdering av skattlegginga av kraftverk. Kraftbransjen, representert ved Energi Norge, Distriktsenergi og eit eige skyggeutval, i tillegg til mange kraftselskap, har gitt innspel til utvalet.

Etter sal av Fjærland Kraft AS har Sognekraft finansielle kapasitet vorte betydeleg styrka. Konsernet har framleis ei stor portefølje av investeringsprosjekt knytt til vasskraftproduksjon. Leikanger kraftverk er under bygging og vil produsere kraft frå 2020. Forventningane til framtidige kraftprisar har auka gjennom året som har gått. På den andre sida har prisane i marknaden for elsertifikat vore volatile. Det kan vera utfordrande å finansiere utbygging av fleire større kraftverk, utan at den finansielle risikoen vert for høg. Vidareforedling av konsesjonane vil imidlertid halde fram, og det vil bli vurdert å gjennomføre lønsame utbyggingar i samarbeid med andre aktørar, eventuelt å bygge ut for sal. Det er også aktuelt å å utsetje delar av utbyggingane i påvente av høgare kraftprisar og eventuelle fleire europeiske tiltakspakkar knytt til fornybar energi.

Styret peikar på risikoen for svingingar i resultatet som fylgje av at konsernet si hovudinntening er basert på vasskraftproduksjon. Det er naturlege variasjonar i kraftproduksjon, kraftprisar og inntekter frå kraftoverføring frå år til år. Dersom valutakursar mellom norske kroner og euro held seg stabile, og det vert normalt tilsig av vatn i Norge og i Sognekraftområdet gjennom 2019, forventar styret eit resultat frå ordinær drift som er noko mindre enn i 2018.

Vik, 24.04.2019

  
Atle Neteland  
styreleiar

  
Geir Arve Sandvik  
nestleiar

  
Laura Kvamme  
styremedlem

  
Arne Andreas Riisnes  
styremedlem

  
Marta Finden Halset  
styremedlem

  
Stian Skåsheim  
styremedlem (valt av tilsette)

  
Torbjørn Wolff Menes  
styremedlem (valt av tilsette)

  
Terje Bakke Nævdal  
adm. direktør

## RESULTAT

KONSERN			MORSELSKAP		
2017	2018		Notar	2018	2017
242 489	450 378	Inntekter frå energisal	3	442 430	242 416
83 830	80 533	Inntekter frå kraftoverføring	6	93 461	84 099
37 546	44 090	Telekominntekter	2	7 796	6 135
17 323	105 106	Andre driftsinntekter	2	35 179	27 797
381 189	680 106	Sum driftsinntekter		578 866	360 447
113 872	219 726	Energikjøp	3	274 493	129 359
19 000	22 383	Overføringskostnader		22 283	17 614
14 722	18 206	Anna varekostnad		12 299	9 323
147 594	260 315	Sum varekostnad		309 076	156 296
29 719	38 797	Ordinære avskrivningar	4	25 872	22 792
87 297	957	Nedskrivningar	4	16	73 285
51 569	56 228	Personalkostnader	14,15	43 611	40 350
49 946	28 567	Andre driftskostnader	14,22	28 107	52 662
9 695	10 447	Eigedomsskattar og avgifter	23	8 909	9 496
228 226	134 995	Sum driftskostnader		106 516	198 585
5 369	284 796	Driftsresultat	2	163 274	5 567
2 383	14 786	Inntekt på investering i andre selskap	5,20	105 801	8 108
4 296	3 127	Finansinntekter	20	23 211	15 813
30 444	47 233	Finanskostnader	18,20	54 793	45 621
23 765	29 320	Netto finanskostnader		(74 219)	21 700
(18 396)	255 475	Resultat før skattekostnad		237 493	(16 133)
22 293	57 189	Skattekostnad grunnrente	11	57 189	22 293
266	36 549	Skattekostnad på overskot	11	30 148	(683)
22 559	93 738	Sum skattekostnad	11	87 337	21 610
(40 955)	161 737	Årsresultat	1,2,19	150 156	(37 743)
(3 244)	1 412	Minoritetens del av resultatrekneskapet	12		
(37 711)	160 325	Årsresultat etter minoritetsinteresser			
-	23 550	Føreslege utbytte til utbetaling		22 800	-
	136 774	Overføring annan egenkapital		127 356	(37 743)



## EIGENDELAR

KONSERN				MORSELSKAPET	
31.12.2017	31.12.2018		Note	31.12.2018	31.12.2017
		Anleggsmidler			
		Immaterielle eigendelar			
20 550	8 642	Utsett skattefordel	11	10 453	22 627
154 367	154 367	Fallrettar	4	-	-
3 573	9 603	Andre immaterielle eigendelar	16	9 603	3 573
178 489	172 612	Sum immaterielle eigendelar		20 056	26 199
		Varige driftsmidler			
98 887	98 604	Tomter, bygningar og annan fast eigendom	4	81 003	81 071
158 624	149 141	Reguleringsanlegg og kraftstasjonar	4	113 402	120 935
388 466	431 555	Nett- og fiberanlegg	4	431 327	387 674
20 869	20 410	Fjernvarmeanlegg	4	20 410	20 869
41 955	78 065	Andre driftslausøyre	4	63 397	29 182
685 208	455 472	Anlegg under arbeid	4	430 726	212 165
1 394 008	1 233 247	Sum varige driftsmidler	4 10	1 140 264	851 896
		Finansielle anleggsmidler			
47 461	54 247	Investeringar i dotterselskap og tilknyttta selskap	5,8	172 684	173 684
179 737	179 787	Investeringar i aksjar og andelar	5	179 737	179 737
-	-	Lansiktig lån til dotterselskap	8	102 890	438 050
41 724	43 222	Andre langsiktige fordringar	8	43 222	41 724
268 923	277 256	Sum finansielle anleggsmidler		498 533	833 196
1 841 420	1 683 115	Sum anleggsmidler		1 658 854	1 711 291
		Omløpsmidlar			
7 779	8 241	Varelager		8 108	7 622
		Fordringar			
102 374	185 023	Kundefordringar		177 271	97 169
-	-	Fordringar konsern		16 183	17 613
19 453	33 333	Andre fordringar, forskotsbetalte kostnader		32 338	13 977
121 827	218 356	Sum fordringar		225 793	128 758
153 119	125 399	Bankinnskott, kontantar og liknande	7	95 865	135 990
282 725	351 996	Sum omløpsmidlar		329 765	272 370
2 124 145	2 035 111	SUM EIGENDELAR		1 988 619	1 983 661

## GJELD OG EIGENKAPITAL

KONSERN			MORSELSKAPET		
31.12.2017	31.12.2018	Note	31.12.2018	31.12.2017	
					<b>Eigenkapital</b>
					Innskoten eigenkapital
144 220	144 220	Aksjekapital 13 12	144 220	144 220	
43 170	43 170	Overkurs 12	43 170	43 170	
187 390	187 390	Sum innskoten eigenkapital 12	187 390	187 390	
					<b>Opptent eigenkapital</b>
184 087	328 035	Annan eigenkapital 12	308 972	175 192	
7 772	8 434	Minioritetsinteresser 12		-	
191 858	336 469	Sum opptent eigenkapital	308 972	175 192	
379 248	523 859	<b>SUM EIGENKAPITAL 12,17</b>	496 363	362 583	
					<b>Gjeld</b>
					Avsette forpliktingar
25 020	16 121	Pensjonsforpliktingar 15	16 121	25 020	
	32	Utsett skatt 11	20		
25 020	16 153	Sum avsette forpliktingar	16 141	25 020	
					<b>Langsiktig gjeld</b>
1 425 012	1 200 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	1 200 000	1 425 012	
1 350	810	Øvrig langsiktig gjeld	-	-	
1 426 362	1 200 810	Sum langsiktig gjeld 9 10	1 200 000	1 425 012	
					<b>Kortsiktig gjeld</b>
91 541	-	Kassakreditt 7 10	-	-	
130 740	106 370	Leverandørgjeld	102 098	106 075	
8 563	18 480	Skattetrekk, feriepengar, offentlege avgifter 7	17 802	7 651	
29 066	74 889	Avsett til påløpne skattar 11	70 623	27 861	
32 127	61 313	Påløpne kostnader / anna kortsiktig gjeld 16 21	53 105	27 982	
1 477	9 687	Netto meirinntekt 6	9 687	1 477	
-	23 550	Utbytte 12	22 800	-	
293 514	294 289	Sum kortsiktig gjeld	276 115	171 046	
1 744 896	1 511 252	Sum gjeld	1 492 256	1 621 078	
2 124 145	2 035 111	<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	1 988 619	1 983 661	




**Atle Neteland**  
styreleiar




**Geir Arve Sandvik**  
nestleiar



**Laura Kvamme**  
styremedlem



**Arne Andreas Riisnes**  
styremedlem



**Marta Finden Halset**  
styremedlem



**Stian Skåsheim**  
styremedlem (valt av tilsette)



**Torbjørn Wolff Menes**  
styremedlem (valt av tilsette)



**Terje Bakke Nævdal**  
adm. direktør

## KONTANTSTRAMANALYSE

KONSERN			MORSELSKAPET	
2017	2018		2018	2017
		Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
(18 396)	255 475	Ordinært resultat før skattekostnad	237 493	(16 133)
(34 321)	(34 993)	Betalt skatt i perioden	(33 801)	(32 283)
117 016	39 754	Ordinære av- og nedskrivningar	25 888	96 077
-	-	Nedskrivning av finansielle anleggsmiddel	-	7 072
(334)	(83 209)	Gevinst sal av anleggsmiddel	(2)	(334)
-	9 444	Postar klassifisert som invest. eller fin.aktiviteter	(91 151)	-
(1 736)	(462)	Endring i varelager	(486)	(1 579)
(38 512)	(83 392)	Endring i kundefordringer	(80 103)	(34 533)
110 667	(23 533)	Endring i leverandørgjeld	(3 977)	82 678
619	(1 055)	Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalningar	(1 055)	619
1 370	(13 483)	Endring i andre tidsavgrensingspostar	(14 300)	(5 541)
136 374	64 547	Netto kontantstrøm fra operasjonell aktivitet	38 506	96 043
		Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
334	587 460	Innbetalt frå sal av anleggsmiddel	2	334
(434 584)	(351 558)	Utbetalningar ved kjøp og tilvirking av varige driftsmidlar	(314 256)	(293 955)
-	-	Mellomregning i konsern	(123 042)	-
(13 383)	50	Utbetalningar frå andre investeringsaktiviteter	587 718	(243 900)
(299)	(11 128)	Innbetalningar frå andre investeringsaktiviteter	(4 666)	96 570
(447 932)	224 825	Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	145 756	(440 951)
		Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		
1 425 012	1 260	Innbetalt frå opptak ny langsiktig gjeld	-	1 425 012
(1 131 138)	(226 812)	Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	(225 012)	(1 006 138)
91 541	0	Innbetalt frå opptak av ny kortsiktig gjeld	625	-
-	(91 541)	Utbetalt frå nedbetaling av kortsiktig gjeld	-	-
(10 398)	-	Utbetaling av utbytte	-	(10 398)
375 017	(317 093)	Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	(224 387)	408 476
(63 458)	(27 721)	Netto endring i kontantar og bankinnskot	(40 125)	63 568
89 661	153 119	Behaldning av kontantar og bankinnskot pr. 01.01.	135 990	72 421
153 119	125 399	Behaldning av kontantar og bankinnskot pr. 31.12.	95 864	135 989

## NOTAR

### Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova frå 1998 og er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar.

#### Prinsipp for inntekts- og kostnadsføring og klassifisering av postar

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Kostnader vert medteke i rekneskapen i den perioden dei påkjem.

Eignelutar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eignelutar er klassifisert som omløpsmidlar. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omløpsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omløpsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsverdi.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje skrive opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

#### Konsolidering og konsernrekneskap

Konsernrekneskapen er sett opp for å vise tala for morselskapet Sognekraft og dotterselskapa som ei økonomisk eining. Alle vesentlege transaksjonar mellom selskapa er eliminerte i konsernrekneskapen. Meir- og mindreverdier frå konserndanninga er førde til kostpris og avskrivne lineært med lik plan som balanseverdiane dei er knytte til. Selskapsrekneskapa for dotterselskapa er oppsett etter god rekneskapskikk.

Minoriteten sin del av resultat etter skattar er vist som eiga linje etter konsernet sitt årsresultat.

Minoriteten sin del av eigenkapitalen er vist som eiga linje under eigenkapitalen.

#### Dotterselskap

Dotterselskap er alle selskap der konsernet har bestemmande påverknad. Bestemmande påverknad er normalt oppnådd når konsernet eig meir enn 50 % av aksjane i selskapet, og er i stand til å utøve faktisk kontroll over selskapet.

#### Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert avskrive over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over antatt

økonomisk levetid.

#### Medeigarskap i andre kraftverk

Sognekraft eig 12 % av stasjonsgruppa Vikfalli. Vikfalli inngår i Sognekraft sin rekneskap etter bruttometoden. Sal av kraft frå Vikfalli er inkludert i posten sal av kraft, driftskostnader for Sognekraft sin del er inkludert i posten energikjøp og avskrivningane inngår i posten avskrivningar i rekneskapen. Eigedomsskatt, grunnrente- og naturressursskatt for Vikfalli vert utlikna på Sognekraft si hand og er inkludert i desse postane i rekneskapen.

#### Magasinfylling

I samsvar med tilråding frå Energi Norge vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin har likevel betydning for vurdering av det rekneskapsmessige resultatet for selskapet.

#### Kraftkontraktar

Alle kjøps- og salskontraktar blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir tilordna leverings- og mottakstidspunkt. Kontraktsporfølja vert vurdert samla til faktiske prisar på sals- og kjøpskontraktar med tilsvarende volum og samanfallande leveringsperiodar. Urealiserte netto tap i portefølja vert kostnadsført medan urealiserte gevinstar ikkje vert inntektsført.

#### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. For dei øvrige kundefordringane vert det i tillegg gjort ei uspesifisert avsetning for å dekkje sannsynlege tap.

#### Varelager

Varelager er vurdert til lågaste verdi av historisk kostpris og verkeleg verdi.

#### Skattar

Sognekraft betalar fire ulike skatteartar. Dette er allminneleg overskotsskatt, naturressursskatt, grunnrenteskatt og eigedomsskatt.

#### Overskotsskatt

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av årets skattemessige resultat. Utsett skatt vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier.

#### Naturressursskatt

Naturressursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna

basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlige produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten kan utliknast mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter.

#### Grunnrenteskatt

Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkastinga ein vasskraftprodusent har utover normalavkasting som fylgje av at produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skatten er delvis overskotsavhengig og kjem i tillegg til overskotsskatten. Skattekostnaden knytt til grunnrente i Sognekraft sin resultatrekneskap består av betalbar skatt og endring i utsatt skatt. I utsatt skatt vert det teke omsyn til tre forhold; midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar for kraftverk, akkumulerte negative

grunnrenteinntekter og midlertidige skilnader vedrørende netto pensjonsforpliktelsar knytt til kraftverka. Ved aktivering av utsatt skatt vert nominell skattesats på 37 % brukt.

#### Eigedomsskatt

